

# **PERSTUGU**



*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*Perstugu låg i Nordherad ovanfor Ulsanden, like nord for Græsker-Karis plass. I 1865 er Ole Hansen Skultbakken med familie oppgjeve å bu i Pederstuen, dette kan da vera her. Ved barnefødslar både før og etter budde dei i Sønstlien, og i 1875 var dei i Ramen. Men Ole var tenestkar på nordgard Sandnes både i 1867 og 1875, så det kan vera at dei ei stutt tid har budd ved Ulsanden.*

*I 1874 festa Hans Vistekleiven Pederstuen i Nordherad statsalmenninng. Familien budde før dette i Bjørviken, og kan ei stutt tid ha budd i Perstugu.*

*Seinare budde Per Sveinsson 1835-1921 i Perstugu, han var fødd på Skultbakken. Per vart kalla Kampe-Per og Perstugu vart såleis også kalla Kampestugu. Per vart i 1867 gift med Kari Syversdotter 1836-1916 i søre Vike i Lom, ho hadde dottera Kari f. 1863 som flytte til Amerika 1884. Per og Kari budde i 1875 i ei stugu som heitte Klufte ved Ekle i Vårdalen, dei hadde saman barna*

*Hans 1870-1870*

*Mari 1872-1960, gift med Iver Heggerusten 1881-1968 (seinare Vollheim)*

*Mari hadde før ekteskapet sonen Hans Olsen 1894-1975*

*Anne f. 1875, gift 1905 med Ole Eriksen Jøndalen Moen*

*I 1900 budde familien i føderådshus på søre Ulsanden, og seinare var dei i Kvituken før dei som gamle var hjå dottera Anne i Nyhus.*

*Kjelder: Jon Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1, s. 223*

*Kari Bakke Storvik: Stadnamnprosjekt*

*Folketelling 1865, 1875, 1900*

*Utskrifter festekontrakter*

*Utskrifter kyrkjebok for Vågå*

*Anna Randen: munnleg fortalt*